



Havrevågen AS c/o Lars Hagesæter  
Apalen 16  
5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3483 - 14/14416

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

[laila.bjorge@meland.kommune.no](mailto:laila.bjorge@meland.kommune.no)

Dato:

25.09.2014

## GODKJENT SØKNAD OM KONSESJON FOR OVERTAKING AV GBNR: 56/4 og 36/55 i HAVREVÅGEN

**Administrativt vedtak. Saknr: 265/2014**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 25.09.2014. Havrevågen AS v/ Lars Hagesæter og Bjarte Vatnøy søker konsesjon for overtaking av Gnr. 56, bnr. 4 på 124,5 daa og Gnr. 36, bnr. 55 på 130,8 daa i Meland. Overdragerar er Steffan Vike og Olav Steinar Skjeldal. Begge eigedommane er vist som LNF-område (landbruks-, natur og friluftsområde) i gjeldane kommuneplan, men deler av Gnr. 56, bnr. 4 er vist som område til fritidsbustader. Kjøpar har overteke 7 ubygdde hyttetomter som ligg i området, og har planar om å byggje ut desse i tråd med disposisjonsplan for hytteområdet. Dei omsøkte eigedomane følgde med i denne overdragelsen, og omfattar mellom anna området rundt hyttetomtene. Begge eigedommane er ubebygde skogeigedomar, og kjøpar har ingen foreløpige planar for eigedomane.

### Vurdering:

Administrasjonen har vurdert søknaden i høve konsesjonslova § 9, jfr. føremålet i konsesjonslova §1, og rundskriv M – 2/2012 *Endring i rundskriv M-1/2010 – Priser på landbrukseiendommer ved konsesjon. Nedre beløpsgrense for prisvurdering ved konsesjonsbehandling av bebygd eigedom.*

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast vekt på følgjande 5 punkt til fordel for

---

#### Postadresse

[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

søkjær:

1. om den avtalte prisen støtter ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.
2. om overtakar vil ivareta omsyn til busetting i området,
3. om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing,
4. om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen
5. om overtakaren ivaretar omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

1. .... om den avtalte prisen støtter ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling

Administrasjonen har ingen merknad til prisen.

2. .... om overtakar vil ivareta omsyn til busetting i området

Begge eigedomane er ubygde og veglause, og administrasjonen meiner derfor at overtakar ikkje vil påverka omsynet til busettinga.

3. .... om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing

Ei overføring av eigedomane vil ikkje endre dei driftsmessige tilhøva då områda er veglaust.

4. .... om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen

Det er eit landbrukspolitisk føremål at størst mogeleg del av landbrukseigedomane skal eigast av fysiske personar som i størst mogeleg grad bur på og driv eigedomane. Det kan gjevast konsesjon til selskap med avgrensa ansvar, jf konsesjonslova § 9, dersom dette byr på fordelar i høve til tradisjonelle eigeformer.

Delar av eigedomane er lagt ut til arealformål fritidshus i kommuneplanen, og dei er veglause.

Skogeigedomen er ikkje av ein slik storleik eller plassert slik at det vil ha betydning for drift av eigedomane om den vert eigd av eit selskap med avgrensa ansvar eller ein fysisk person . Administrasjon ser søkjær som skikka til å driva eigedomane.

5. .... om overtakaren ivaretar omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Ei overføring av eigedomen vil ikkje endra den heilskaplege ressursforvaltningen og kulturlandskapet.

Etter vurdering av konsesjonslovas § 9 sine 5 punkt om særlege høve for landbrukseigedomar, vurderer administrasjonen det slik at overføringa ikkje er i konflikt med konsesjonslova. Administrasjonen har derfor ingen merknad til at det vert gjeve konsesjon. Konsesjon medfører løyve til å overta eigedomane, og ei eventuell framtidig endring av arealbruk må søkjast om etter plan- og bygningslova.

## Vedtak

« Meland kommune gjev Havrevågen AS konsesjon til erverv av eigedomane Gnr. 56, bnr. 4 og Gnr. 36, bnr. 55. Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova §§2 og 9, jfr. føremålet i konsesjonslova §1. Grunngeving går fram av saksutgreiinga.»

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagt skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakere:

Havrevågen AS c/o Lars Hagesæter Apalen 16 5915  
Magnus Nilsen

HJELMÅS